

Audun Rønn

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3514 - 16/10456

Saksbehandlar:

Anne Wergeland

Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:

19.04.2016

## Uttale frå Seim skule i samband med utviding av skulebygget

I samband med auka elevtal på Seim skule hausten 2016, er det utarbeidd skisser til utviding av garderobe- og undervisningsareal på skulen. Dei tilsette på skulen er blitt orienterte og har hatt høve til å kome med innspel undervegs i denne prosessen. Dette er positivt.

Det må likevel seiast at personalet er oppgitt over heile saka. I samband med forarbeidet til den nye skulen, var dei representerte i ei brukargruppe der dei kom med klare innspel om at skulen vart planlagd for liten i høve elevtalsutvikling og plassbehov både til undervisning, garderobar og SFO. Personalet opplevde sterkt at dei ikkje vart høyrd i denne prosessen.

Skulens uttale til reviderte skisser tilsendt rett før påske:

### 1. Utviding 1., 2.kl og SFO

Skulen er positiv til utviding av areal til garderobe, WC og undervisningsareal for 1., 2.klasse og SFO slik det no går fram av teikningane. Vi har spelt inn eit framlegg om det er mogleg å lage veggen mot nord høgare for å kunne sette inn vindage på denne veggen som alternativ til takvindauge.

Eigedomsavdelinga v/ Terje Fauske var på Seim torsdag 14.april for å sjå på om dette er mogleg.

Grunna takkonstruksjon og utfordrande tekniske løysingar vert det rådd til at ein ikkje går vidare med dette framlegget. Skulen har forståing for det.

Skulen vil i tillegg spele inn spørsmål om det er mogleg å trekke ytterveggane mot øst og nord heilt ut til murane. Dette av to grunnar. Det nye rommet vert større og dermed meir fleksibelt med tanke på utnytting. I tillegg ser vi at uteområdet med noverande løysing vert veldig trangt og lite egna for god leik og aktivitet.

Om denne utvidinga ikkje er mogleg, vil vi foreslå at det vert sett opp ein låsbar port inn mot dette området.

### 2. Utviding av garderobe for 4. og 5.klasse

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Skulen stiller seg positiv til framlegget om utviding av garderoben til 4. og 5.klasse. Vi har eit spørsmål til kor stor avstanden vert mellom ny vegg og muren jf tekst på skissa «mur flyttet etter mål tatt på stedet»?

### **3. Utviding av garderobe for 6. og 7.klasse**

Det er frå skulen si side ikkje ynskjeleg at grupperommet til 6.klasse vert omgjort til garderobeareal. Følgjen av det er at det opne arealet vis a vis 5. og 6.klasserommet må byggjast om til klasserom/grupperom. Her har vi i dag eit mediatek det kan vere vanskeleg å finne ny plass til. Vi synes også at det vil vere synd å lukke det fine, opne arealet. Elevtalet på 6. og 7.trinn i år er til saman på 45 elevar. Til neste år vert det 43 elevar. Dette hjelper litt komande skuleår og det kan forsvarast å utsetje løysing på garderobeutfordringane ei stund. Men det føreset at saka vert tatt opp att i løpet av neste skuleår der ein ser etter andre/nye løysingar.

Denne uttalen er drøfta med tillitsvalde for Utdanningsforbundet, for Fagforbundet og med verneombodet på skulen. Det er semje om uttalen.

Med helsing

Anne Wergeland  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Kristin Moe

**Mottakarar:**

Audun Rønn